



Malin Sæle Kårstad (21) frå Uskedalen har hatt ei stor oppleving, at hunden Tassen likevel ikkje var død slik ho trudde. Haugesunds Avis fortel historia om ho som fekk den sjeldne julepresangen.

Malin måtte gje frå seg den då halvtanna år gamle hunden etter at huset brann, Ei kvinne tok på seg å ha hunden midlertidig. Det gjekk bra til både kvinna og hunden vart sporlaust borte. Malin leitte overalt, også på nettet, men alt var nyttelaust. Ho gav opp og skreiv det på bloggen sin.

I mellomtida gjekk hunden frå den eine eigar til den andre og havna til slutt på ein gard i Suldal. Løysinga kom då eigaren Bjørn Marie Hjorteland ikkje kunne ha Tassen lenger, men søkte med bilete på Finn etter ein ny heim.

Det oppdaga Malin og tok kontakt, som enda med eit tåredryppande møte i Etne. No er hunden heime att i Uskedalen og Malin har erfart at ein hund er noko meir enn berre ein hund.

Foto: Haugesunds Avis